



Frå sjølvberging til lokal handel

#handlelokalt

Lokal handel med daglegvarer var knapt noko vanlege folk hadde høyrte så mykje om her i landet før eit par hundre år sidan. Då grunnlova vår vart skriven i 1814, var folk flest opptekne av å klare seg sjølv så godt dei kunne med mat og drikke frå sin eigen vesle jordflekk og frå nokre få husdyr. Sjølvberging og fattigdom prega Norge.

Handelen med forbruksvarer skulle skje i byane, og fyrst gjennom tre nye lover, den siste i 1866, vart handelen heilt fri. Men fyrst i 1907 vart lova lik for handel i byane og på landet. Då grodde det også fram butikkar mellom bakkar og berg i alle landsdelar. Til dømes langt inne i Sognefjorden, på Sørheim, der Kari og Nils Lerum gjekk i gang med ein liten landhandel i 1905, då Norge så vidt hadde brote ut av unionen med Sverige. Lerum-familien gjorde som landhandlarar også i andre distrikt, dei delvis bytta varer og tenester med andre folk i bygdene, samstundes som dei sende jordbruksvarer inn til byane med båt eller jernbane.

Slik selde bønder og kremmarar etter kvart varer og tenester til både bygdefolk og byfolk. Handelslivet skaut fart, samstundes som også industrialiseringa og nye tider etter kvart prega landet vårt. Folk flest fekk oppleve betre velferd, tryggleik og levestandard.

I dag er det sjølvstøtt at vi kan kjøpe alle slags varer og tenester nesten døgnet rundt. Men framleis er det slik at alt heng saman med alt. Handlar du varer og tenester lokalt, er du med på å gje meir liv til nærmiljøet ditt.

Med denne annonsen, innleier Landslaget for lokalaviser (LLA) og lokalavisa di ein annonsekampanje for nettopp lokal handel. Litt fordi vi sjølve er avhengige av livskraftige bedrifter og annonsørar, men aller mest fordi vi bryr oss om levande lokalsamfunn. Difor vil LLA og lokalavisene, i samarbeid også med andre som er opptekne av lokal handel, gjennom våre annonsekampanjar vise kor viktig det er å bruke lokale krefter og lokale butikkar. Vi er alle i same båt. Bli med oss på reisa.

#handlelokalt

